
Saksnr: 2020/37459-5
Saksbehandlar Karstein Oen
Dato: 04.11.2020

Til: Administrasjonsutvalet

Frå: Fylkesrådmannen

Lønspolitikk for Vestland fylkeskommune

Fylkesrådmannen har vedteke retningslina «Lønspolitikk for Vestland fylkeskommune» slik den går fram av vedlegg i referatsaka.

Det har vore arbeidd med å få på plass ein ny felles lønspolitikk for Vestland fylkeskommune i samband med samanslåinga. Dei tillitsvalde har vore med i dette arbeidet. Forslaget til lønspolitikk vart lagt fram på informasjons- og drøftingsmøte 3. september. Arbeidstakarorganisasjonane slutta seg til innhaldet.

Lønspolitisk dokument må sjåast på som eit rammeverk for lønspolitikken i Vestland fylkeskommune. Det er viktig å ha ein vedteken lønspolitikk som ei overordna ramme for det som gjeld lønsforhandlingar og som dannar grunnlag for ei mest mogleg likebehandling av tilsette i organisasjonen. Lønspolitikken skal bidra til å rekruttere og halde på gode medarbeidarar og sikre kvalitative gode tenester. Hovudtariffavtalen føreset at det vert utarbeidd ein lokal lønspolitikk som er føreseieleg og som vert gjort kjent for dei tilsette.

Retningslina «Lønspolitikk for Vestland fylkeskommune» vert med dette lagt fram for administrasjonsutvalet til orientering.

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift